



Haugen IL Alpin og Harpefossen skisenter AS tar utfordringa, og vil med dette invitere til

SPV AlpinCup Slalåm

Søndag 07. mars 2021.

Merk! Rennet er kun ope for utøvarar som er 20 år eller yngre innanfor same skikrins/idrettskrins.
Jf. gjeldande smitteverntiltak for skiidretten i [Norges Skiforbund sin koronarettleiar](#).

Oppmøte ved alpinbrakka <https://www.harpefossen.no/wp-content/uploads/2019/04/harpefossen-loypekart.pdf>, du finn den rett ovanfor det grønne 1 talet på kartet i linken ovanfor.

Lagleiarmøte : 0900

Synfaring : 0915

Rennstart : 1000

Rennleiar : Peder Felde

TD : Roger Ellingsund

Rennkort kr. 150,- , løparar og føresette. Kan ikkje kjøpast online. Kjøp i billettluke på varmestova nede på Harpefossen skisenter. Ope frå kl. 0800.

Parkering kr. 50,- VIPPS til 1339001

Når vi fyrst tar turen til Harpefossen, set vi løype og har tidtakinga oppe, slik at vi kan nytte dagen til renntrening

Startkontingent (iht. NSF's reglement):

- Kr 150 pr. renn for aldersbestemte klasser (opp til og med 15/16 år).
- Kr 160 pr. renn for junior.
- Betaling til konto: 3705.16.95330.
- Lisens må være betalt før rennet for alle fom. 13. år. Vi ber om at engangslisens betales gjennom Min Ski – appen Engangslisens kan betales ved påmelding. Kr 60,- pr renn fra 13 til 25 år.

Påmelding:

- Elektronisk påmelding via MinIdrett.no
- Påmelding kan evt. Sendast til benaustd@online.no med navn, klubb og fødselsdato, tlf.nr.
- Påmeldingsfrist fredag 5. mars kl. 2359.
- MERK! Støtteapparat og føresette må også melde seg på rennet på førehand gjennom rennpåmelding i Min idrett. Dette for å ha oversikt over kven som er til stades på arrangementet. Meld på i klasse «Støtteapparat og føresette».

Smittevern:

- Ved symptom på sjukdom skal ein halde seg heime
- Hugs god hand- og hostehygiene
- Hald minst 1 meters avstand
- Alle må registrere seg ved ankomst arena

F.o.m. 23. februar har myndigheitene opna opp for å arrangere skirenn for alle klassar t.o.m. 20 år innanfor same skikrins. Gjeldande smitteverntiltak for skiidretten er oppdatert i [Norges Skiforbund sin koronarettleiar](#).

Vi må som alle andre ta forbehold om at det kan skje endringar på kort varsel. Følg med på skikrinsen sine sider.

Velkomne til renn!

Anders Engeland

Leiar Haugen IL Alpin

Peder Felde

Rennleiar